

Veslevêren

Fjellaren har blitt sauebonde, og har funne ut at han treng ein vêr for å auke opp flokken.

- Erfarne sauebønder har tipsa meg om følgjande: Om ein ynskjer å slå seg opp med ein større flokk, kan det vere lurt å ha ein vêr i flokken, fortel Fjellaren.

Fjellaren inngjekk ei god låneavtale med ein annan sauebonde på øya.

- Sauebonden fortalde at den aktuelle vêren er onkel til sauene mine, men sidan vi er på øy er vi ikkje så nøye på akkurat dette. Som på mange andre isolerte stader her i landet, er stort sett alle innbyggjarane i slekt. Dette ser ut til å ha fungert greitt, og då går det sikkert bra med sauene òg, seier Fjellaren.

Den mindre erfarne sauebonden fortel at han har lita erfaring med vêrar, og at han var litt usikker på korleis han skulle handtere vêren for å få han heim.

- Eg tenkte at det kunne vere lurt å ha med seg litt ekstra mannskap når eg skulle hente vêren. Tidleg i hjortejakta hadde eg tilfeldigvis eit jaktlag på besøk. Vêrfanging kunne kanskje vere ein god alternativ aktivitet for desse hjortejegerane mellom slaga i hjorteskogen. Eg kjende meg trygg på at dette skulle gå bra, no som eg hadde eit heilt jaktlag i ryggen, fortel Fjellaren entusiastisk

Han venta spent på telefon frå vêreigaren heile helga. Men

meldinga frå bonden var at ein måtte utsetje hentinga.

Helga var over, og han vinka farvel til jaktlaget som vart snytt for ei spanande oppleving. Rett etter avskilsseremonien med jaktlaget ringde sjølv sagt vêreigaren, og sa at no var det på tide å hente vêren.

- I bilen nedover gjekk mange tankar gjennom hovudet mitt. Eg såg føre meg alle dei verste scenario som tenkjast kan. Ein svært uerfaren sauebonde skulle no fange eit stort beist av ein vêr, seier

Vêreigaren (70) møtte han i innkøyrsla. Fjellaren fortalde at eg ikkje var så høg i hatten, men roa segnoko, då han fekk vite at det var "veslevêren" han skulle få låne. Fjellaren legg til at han fekk eit minivêrlam på kjøpet då han kjøpte sauene, og samanlikna fort vêren han skulle hente med denne "minivêren".

- Eg såg då føre meg "minivêren" heime, og tenkte at ein så liten

krabat neppe kunne greie å gjere "sakene". Han ville ikkje rekke opp. Eg såg føre meg mange timar arbeid, der eg måtte løfte den veslevêren opp på søyene, seier Fjellaren, og ristar på hovudet.

Overraskinga var stor då han fekk auge på "veslevêren". Etter berre eit lite glimt av "veslevêren" vart alle fordommene mine gjort til skamme.

- Denne vêren ville definitivt greie å hoppe opp på ein sau, og vel så det. "veslevêren" var akkurat like stor som "storevêren".

Deretter gjekk det svært fort i svingane.

- Alt gjekk heldigvis så fort at eg ikkje rakk å gru meg igjen. Den 70 år gamle sauebonden hoppa brått inn i sauebingen for å fange "Veslevêren". Det utvikla seg fort til ein svært livleg runddans, som leikarringen berre kan misunne. 70-åringen klorte seg fast opp på vêren. Brått gjekk vêren frå å vere ein fredeleg drøvtyggar til å bli eit spreisk villdyr. Eg kunne ikkje berre stå og sjå på at vêren mishandla den eldre herren, og kasta meg inn i dansen så godt eg kunne, fortel Fjellaren med stor innleving.

Vêren overbeviste alle at han fint kunne greie å danse med to mannfolk opp på seg. Etter at dei hadde fått stadfesta at dei store horna til vêren fungerte, greidde dei til slutt å få tau på han.

Fjellaren fortel at "veslevêren" roa seg, og gjekk greitt inn i varebilen. Han oppførte seg eksemplarisk på bilturen oppover bakkane. "Veslevêren" fann seg fort til rette i den nye flokken. Og berre nokre timar etter den spenstige dansen, kunne vêren ete mjøl ut av handa på sauebonden.

Ein triveleg kar som eg no har blitt svært så glad i, avsluttar Fjellaren.